

NOTAT

OPPDRAF	Gjennomseiling Herøy - Ulstein	DOKUMENTKODE	10226196-01-PLAN-NOT-004
EMNE	Innspel til varsel om oppstart av regulering	TILGJENGE	Open
OPPDRAFSGJEVAR	Kystverket	OPPDRAFSLEIAR	Sissel Enodd
KONTAKTPERSON	Rita Margrethe Svendsbøe	SAKSBEHANDLAR	Sissel Enodd
KOPI		ANSVARLEG EINING	Multiconsult Norge AS

SAMMENDRAG

Oppstart av planarbeid vart vedteke av planutvala i Herøy og Ulstein den 24.08.2021. Igangsetjing av regulering vart kunngjort i aviser og på internett for kvart planområde og for den einskilde kommune . Det vart sendt brev til myndigheter, organisasjonar og grunneigarar med avstand i underkant av 500 meter frå tiltaksområda.

I samband med varsling av oppstart har det kome uttale frå Fiskeridirektorat, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Direktoratet for mineralforvaltning, Statens vegvesen, NIVA, Runde miljøsenter, Mørenett, Hasund Mek verksted og Terje Hatløy. Innspela er oppsummert, kommentert og vurdert i dette notatet.

GJENNOMSEILING HERØY - ULSTEIN

Oppsummering og vurdering av innspel til varsel om oppstart av reguleringsplanar for Skinnabrokleia, Kyrkjefluda-Svædet

1 Oppstart av planarbeid

Oppstart av planarbeid vart vedteke av planutvala i Herøy og Ulstein den 24.08.2021.

Igangsetjing av regulering vart kunngjort i aviser og på internett for kvart planområde og for den einskilde kommunen. Det vart sendt brev til myndigheter, organisasjonar og grunneigarar med avstand i underkant av 500 meter frå tiltaksområda.

2 Innspel til oppstart av planarbeid

I samband med varsling av oppstart har det kome innspel frå:

- FISKERIDIREKTORATET, 25.10.2021
- MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, 29.10.2021
- STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, 01.10.2021
- DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING, 27.10.2021
- STATENS VEGVESEN, 26.10.2021
- NIVA, 07.10.2021
- RUNDE MILJØSENTER, 24.10.2024

00	14.05.24	Utarbeidd	Sissel Enodd	Ingvill Eikelund
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV

Innspel til varsel om oppstart av regulering


- HASUND MEK VERKSTED, 24.11.2021
- TERJE HATLØY, 08.11.2021
- MØRENNETT, 22.11.2021

3 Samandrag og vurdering av innspel

Innspel er oppsummert, kommentert og vurdert i tabellen under.

Avsender, dato, merknad	Kommentar/vurdering
<p>FISKERIDIREKTORATET, 25.10.2021</p> <p>Oppfordrar sterkt til at det blir vurdert nøyne om massar kan bli brukt til formål med samfunnsnytte langs kysten, både i sjø og på land.</p> <p>Hovuddelen av planområdet for Skinnabrokleia ligg i eit gytefelt for torsk som det må bli teke omsyn til. Spesielt med tanke på tidspunkt for sprenging og mudring i sjø og torsken sin bruk av vandringsruter inn til gytefeltet, samt eventuell etablering av sjødeponi i området. Me føreset at tilråding frå Havforskningsinstituttet om at anleggsperioden for eventuelle tiltak i eller i nærleiken av gytefeltet og områder, i størst mogleg grad må bli lagt utanfor gyte- og larveperioden for fisk.</p> <p>Vurderer at dumping av masse i alternativ 2 og 3 for Skinnabrokleia vil kunne gje negativ verknad på viltlevande marine ressursar og marint biologisk mangfold. Tirlår derfor at det blir vurdert eit nytt område for dumping av masse i sjø, i trygg avstand frå det registrerte gyteområdet i Dimna.</p> <p>Legg til grunn at eventuelle verknader for gytefeltet for torsk i Dimna blir vurdert, samt gyteaktiviteten/suksessen, og at avbøtande tiltak og tidsperioden for gjennomføring av dumping, sprenging og mudring blir grundig vurdert. Om naudsynt må føresegne ha med avbøtande krav for å ivareta gytefeltet, tidelege livsstadier og gytesuksesen totalt sett for torsk, på best mogleg måte. Legg generelt til grunn at denne type tiltak i sjø blir gjort utafor gytetida for torsk og den tiden yngelen bunnslår, som regel er i perioden frå februar til medio juni.</p> <p>Det må bli teke omsyn til eventuelle negative effektar for akvakulturlokaliteten 12315 Flø.</p>	<p>Kystverket har som målsetting å bruke massane til formål med samfunnsnytte og har hatt møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta imot massar. Herøy kommune ynskjer å ta imot så mykje som mogleg av massane og ynskjer først og fremst massar til Paradisbukta og Mjølstadneset som er eksisterande næringsområde med kai.</p> <p>I tilfelle det ikkje blir mogleg å nytte overskotsmassane i godkjende utfyllings-områder, er det bestemt å regulere område til sjødeponi som ei reserveløysing.</p> <p>Verknader for gyting og tidsperiodar er vurdert i konsekvensutgreiinga. Deponi alternativ 2 er tatt ut av prosjektet. Anleggsperioden er vurdert i konsekvensutgreiinga og blir endeleg bestemt i samband med mudre- og dumpesøknaden.</p> <p>Settefiskanlegg ved Flø er ikkje i drift per i dag.</p>
<p>MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, 29.10.2021</p> <p>Dei aktuelle areala i tiltaksområda har allereie vore undersøkt av Bergens Sjøfartsmuseum. Det vart då funne restar av ein båt frå 1800-talet samt grønnstein, men materialet er fjerna. Minner om aktsemplikta for kulturminne.</p>	<p>Teke til vitande.</p> <p>Det er gjeve føresegna om aktsemplikta for kulturminne.</p>

Innspel til varsel om oppstart av regulering

<p>STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, 01.10.2021</p> <p>Det må gå fram av planomtale og saksutgreiing korleis prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka.</p> <p>Krav til forundersøkingar og risikovurdering for slike tiltak går fram av Miljødirektoratet sin rettleiar M-350.</p> <p>Utdjupingsområda og deponiområda ligg i nærleiken av registrerte naturtypar i sjø som har store verdiar for naturmangfald. Det eksisterande kunnskapsgrunnlaget for det marine naturmangfaldet synast å vere for mangelfullt. Det er difor nødvendig at det gjerast grundige undersøkingar (gjerne med ROV) knytt til førekomstar av korallar der ein vurderer at tiltak skal skje. Der det ligg føre marine grunnkart, kan desse nyttast.</p> <p>Det er nødvendig at tiltaka blir utført innanfor eit tidsrom der det gir minst mogleg skade på livet i sjøen.</p> <p>Ber om at ein primært finn eigna stad å nytte massane på land. Mudring i sjø må skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta §22-6 frå Statsforvaltaren. Søknadar om løyve må sendast i god tid innan tiltaket skal startast opp.</p>	<p>Teke til vitande.</p> <p>Som grunnlag for konsekvensutgreiinga til planen er det gjort kartlegging av naturmangfald, undersøkingar av vatn og grunn.</p> <p>Anleggsperioden er vurdert i konsekvensutgreiinga og blir endeleg bestemt i samband med mudre- og dumpesøknaden.</p> <p>Kystverket har som målsetting å bruke massane til formål med samfunnsnytte og har hatt møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta imot massar. Herøy kommune ynskjer å ta imot så mykje som mogleg av massane og ynskjer først og fremst massar til Paradisbukta og Mjølstadneset som er eksisterande næringsområde med kai.</p>
<p>DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING, 27.10.2021</p> <p>Ingen merknader.</p>	<p>Teke til vitande.</p>
<p>STATENS VEGVESEN, 26.10.2021</p> <p>Ingen merknader.</p>	<p>Teke til vitande.</p>
<p>NIVA, 07.10.2021</p> <p>Overvaker Skinnbrokleia i kystovervakningsprogram, Økokyst. Det er tre stasjonar (VT71, BR12 og HR 49) i området der det er overvaka vasskjemi sidan 2013, plankton sidan 2014, blautbotn, sediment og hardbotn sidan 2016. VT71 inngår som klimastasjon.</p> 	<p>Teke til vitande.</p>

Innspel til varsel om oppstart av regulering

RUNDE MILJØSENTER, 24.10.2024	<p>Marint naturmangfald bør bli kartlagt. Det bør bli sikra at tiltaka får minimal verknad for biotopar. Meiner at spreiling av partiklar og støy i sjøen i sbm. spreinginga bør monitonerast. Tilrår at utsprengte massar blir brukt på/ved land.</p> <p>Ved Skinnabrokleia utfører me målingar og prøvetaking i sjøen og på botnen regelmessig i samarbeid med NIVA, som del av Miljødirektoratet sitt kystovervakingsprogram, Økokyst. Ynskjer minst mogeleg sprenging og resuspendering av sediment. Ynskjer tilgang til målestasjon under anleggspersonalen (stjerne på kartet under). Meiner det er viktig at det vert utgreidd om utdjupinga vil få følgjer for vassutskiftinga på denne stasjonen, og om den i så fall ev. bør flyttast. Anmodar om å bli varslet om arbeid med sprenging og mudring, slik at me kan unngå å få ureining i vassprøvane.</p> 	<p>Teke til vitande.</p> <p>Som grunnlag for konsekvensutgreiinga til planen er det gjort kartlegging av naturmangfald, undersøkingar av vatn og grunn.</p> <p>Anleggspersonalen er vurdert i konsekvensutgreiinga og blir endeleg bestemt i samband med mudre- og dumpesøknaden.</p> <p>Kystverket har som målsetting å bruke massane til formål med samfunnsnytte og har hatt møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta imot massar. Herøy kommune ynskjer å ta imot så mykje som mogleg av massane og ynskjer først og fremst massar til Paradisbukta og Mjølstadneset som er eksisterande næringsområde med kai.</p> <p>I tilfelle det ikkje blir mogleg å nytte overskotsmassane i godkjende utfyllings-områder, er det bestemt å regulere området til sjødeponi som ei reserveløysing.</p> <p>RMS vil bli varslet før arbeid vert sett i gang.</p>
HASUND MEK VERKSTED, 24.11.2021	<p>Har eit regulert område der vi ønskjer massar til utfylling. Tilkomst til området med båt skal vere kurant. Må finne ut av seglingsdjupne.</p>	<p>Kystverket har hatt møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta imot massar, sjå kommentar under Fiskeridirektoratet.</p>
TERJE HATLØY, 08.11.2021	<p>Har hytte på vestsida av Hatløya og ser rett ut i Skinnabrokleia. Ønskjer ikkje store sjømerke.</p> <p>Ønskjer at leia blir trekt lengst mogleg mot vest, bort frå Hatløya.</p> <p>Ønskjer ikkje at småholmane blir tetta att.</p>	<p>Merketiltak er ikkje søknadspliktig tiltak etter pbl og er ikkje omfatta av planarbeidet.</p>

Innspel til varsel om oppstart av regulering

MØRENETT, 22.11.2021	Har ei 66 kV luftlinje (heil brun linje) og ein 22 kV sjøkabel (stipla rød) som kryssar «leia» sør i Røyrasundet.	Planlagde tiltak vil ikkje vere i konflikt med luftlinje eller sjøkabel.
----------------------	---	--



The map illustrates the Røyrasundet area, showing several islands including Fugleholmen, Petter-holmen, Jens-holmen, Blank-holmen, and Nautøya. A proposed crossing route is shown as a red dashed line, which is indicated to cross the 'lei' (channel) south of Røyrasundet. A 66 kV overhead line (solid red line) and a 22 kV submarine cable (stippled red line) are also depicted, showing they do not conflict with the proposed crossing.